



– kontroll og revisjon i kommunene

1

*– på vakt for
felleskapets
verdier*

2

Folkevaldopplæring 2024

Charles Litsheim
Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor
Vestland Revisjon KO

3

Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Om kontrollutvalget sine oppgaver – og kva som kan gjerast av revisjonen


4

Disposisjon – hovedpunkt i dette innlegget

- Kva er forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, og kva er skilnaden?
- Kontrollutvalet og revisor sine oppgåver i forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll
- Tinging
- Mottak og handtering av rapport
- Rapportering til kommunestyret

5

Kontrollutvalets ^{lovpålagte} oppgåver – kortversjonen

	Rekneskapsrevisjon	<ul style="list-style-type: none"> • Revisjon av kommunen sine rekneskap • Kontroll med den økonomiske forvaltninga
	Forvaltningsrevisjon	<ul style="list-style-type: none"> • Der risiko og vesentlegheit er størst • Gjeld for kommunen si verksemd og verksemd i kommunen sine selskap
	Eigarskapskontroll	<ul style="list-style-type: none"> • Korleis kommunen sine eigarinteresser blir forvalta
	Oppfølging av kommunestyrevedtak	<ul style="list-style-type: none"> • Påsjå at kommunestyrevedtak om revisjonssaker vert følgt opp

6

Kva er forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll?

Forvaltningsrevisjon

Gjer vi dei rette tinga – og gjer vi dei rett?

systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak

Eigarskapskontroll

Har kommunen lagt til rette for god eigarstyring?

kontrollere at kommunen sine eigarinteresser i selskap blir forvalta i samsvar med gjeldande regler og kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring

Kva er forskjellen på forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll?

Forvaltningsrevisjon

- I kommunen sin verksemd
- Verksemd i kommunen sine selskap

eigarskapskontroll

- Kommunen sin forvaltning av eigarskap

Forvaltningsrevisjons (og eigarskapskontroll)-registeret

www.nkrf.no/forvaltningsrevisjonsregisteret

Forvaltningsrevisjoner



www.forvaltningsrevisjon.no

Velkommen til **NKRF rapport søk**

Søk i rapporter publisert av norske kommunerevisjoner.

Søk i rapporter

Mer informasjon

 **nkrf** – kontroll og revisjon i kommunene

– på vakt for fellesskapets verdier

9

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar.

«Kontrollutvalgets arbeid er særleg viktig som ein del av arbeidet med å avbøte svikt og manglar, samt avdekke risiko for svikt og lovbrøt. Forvaltningsrevisjon kan vere eit særst nyttig supplement til utvikling av tenesteproduksjonen, både for å sikre lovmessige og forsvarlege tenester, men også som forklaring på økonomiforbruk.» (Kommunedirektør)

Eigarskapskontroll er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet, og er eit viktig verkemiddel for å sikre at selskapa er under demokratisk styring og kontroll.

Kontrollutvalgsboka (KDD, 2022)

 **nkrf** – kontroll og revisjon i kommunene

– på vakt for fellesskapets verdier

10

Eksempler på tema i gjennomførte forvaltningsrevisjonar i 2023

- Tverrfagleg samarbeid
- Innkjøp og kontraktar - Kartlegging og testing
- Barnevern
- Brukarmedverknad
- Sjølvkost
- Spesialundervisning
- Sakshandsaming
- Interkommunalt samarbeid LMS



Døme frå tidlegare forvaltningsrevisjon (tinging)

Kontrollutvalet tinga forvaltningsrevisjonen i møte den 9.12.20 med følgjande vedtak:

1. *Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon om «IKT-system – tryggleik og beredskap» hjå Vestland Revisjon KO.*
2. *Hovudproblemstilling*
 - a. *Har kommunen sikre og stabile IKT-system?*
3. *Underproblemstillingar:*
 - a. *Har kommunen oversikt over IKT-systema som er i bruk?*
 - b. *Har kommunen rutinar for driftssikkerheit i dataverktøy?*
 - c. *Vert rutinar om driftssikkerheit følgde?*
 - d. *har kommunen reserveløysingar som kan brukast om IKT-løysingar ikkje er tilgjengelege?*
 - e. *Har kommunen rutinar for sikring av at sensitiv informasjon ikkje kjem ut?*
 - f. *Vert rutinar om sensitiv informasjon følgde?*
4. *Revisor får fullmakt til å gjere mindre avklaringar og tilpassingar for å svare på problemstillingane.*
5. *Frist for prosjektplan: 31.12.2020.*
6. *Kontrollutvalet ønskjer skriftleg statusrapport frå revisor før sommarferien 2021.*
7. *Frist for rapport: 10.11.2021.*

Problemstillingar

Vestland Revisjon har med utgangspunkt i tinginga frå kontrollutvalet gjennomført ein forvaltningsrevisjon av tryggleik og beredskap i IKT system i Stryn kommune. Revisjonen har undersøkt desse problemstillingane:

Tema: Har kommunen sikre og stabile IKT-system?

- Har kommunen oversikt over IKT-systema som er i bruk?
- Har kommunen rutinar for driftssikkerheit i dataverktøy?
- Vert rutinar om driftssikkerheit følgde?
- Har kommunen reserveløysingar som kan brukast om IKT-løysingar ikkje er tilgjengelege?
- Har kommunen rutinar for sikring av at sensitiv informasjon ikkje kjem ut?
- Vert rutinar om sensitiv informasjon følgde?

Problemstilling

Har kommunen reserveløysingar som kan brukast om IKT-løysingar ikkje er tilgjengelege?

Konklusjon

- Stryn kommune har dokumentert sine reserveløysingar for liv og helse og samfunnskritisk infrastruktur- vassforsyning, som skildra i vår gjennomgang av problemstillinga

Problemstilling

Har kommunen rutinar for sikring av at sensitiv informasjon ikkje kjem ut? Og vert rutinane følgde?

Delkonklusjon

- Stryn kommune kan dokumentere at dei har rutinar for sikring av at sensitiv informasjon ikkje vert publisert.

Delkonklusjon

- Så langt vi erfarer gjennom motteke dokumentasjon og våre kontrollar, følgjer kommunen og Nordfjordnett dei rutiner og prosedyrar som skal sikre sensitiv informasjon mot publisering.

Tilråding

- Vi tilrår at kommunen publiserer si personvernerklæring på nettsida www.stryn.kommune.no

Kontrollutvalget sine oppgaver ved forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Utarbeide planer for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontrollar


Tinge dei einskilde prosjekta

Rapportere til kommunestyret om gjennomførte prosjekt


Påsjå at kommunestyrevedtak om forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll blir fulgt opp

Rapportere til kommunestyret om oppfølginga

Oppgåvefordeling kontrollutval og revisjon



Nærare om rollefordelinga



Sekretariatet

- bistår kontrollutvalget
- sikrar at saker er forsvarlig utreda

Revisjonen

- gjennomfører prosjekta
- sikrar fagleg kvalitet og at oppdraget let seg gjennomføre

Tinginga – den viktigaste fasen i prosjekta!

- Bruk tid!
- Møt forberedt!
- Still spørsmål – og lytt til svara

Det er ved bestillinga av det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjektet at kontrollutvalet har størst innverknad på problemstillingane som skal undersøkjast, og dermed kva prosjektet skal gje svar på. Det er difor viktig at kontrollutvalet brukar tid på bestillingsprosessen, for å sikre at prosjektet blir gjennomført i samsvar med utvalet sine ynske.



19



20

Prosjektplan


Skal innehalde

- Problemstilling(er),
- Revisjonskriterier eller grunnlaget for disse
- Metodebruk

Bør/kan inneholde

- Leveringstidspunkt
- Ressursbruk

Undervegs- rapportering



Mottak og handsaming av rapport

- Sekretariatet førebur saka – og vurderer om rapporten er i samsvar med tinginga
- Revisor kan presentere og gjennomgå rapporten i samband med utvalget sin handsaming og vere tilgjengeleg for spørsmål
- Kontrollutvalget bør bruke god tid på å gjere seg kjent med innhaldet i rapporten



Rapportering til kommunestyret

- Kontrollutvalget skal rapportere til kommunestyret. Ved handsaming av rapportar:
 - Revisor har møteplikt
 - Kontrollutvalsleiar har møte- og talerett – bruk den!
- Kontrollutvalet skal også påsjå at kommunestyret sitt vedtak blir fulgt opp – og rapportere tilbake om det faktisk blir gjort
 - Innstilling til kommunestyret – sett tidsfrist



Gode råd

- Ha fokus på læring og forbetring
- Våg å stille dei vanskelege spørsmåla
- Velg konkrete og avgrensa problemstillingar, framfor meir opne undersøkingar
- Ver budd på at ting tar tid
- Bidra til god dialog – med sekretariat, revisjon, kommunestyre og administrasjon

 nrkf – kontroll og revisjon i kommunene



25

Tilleggsfoiler

Kan brukes dersom det er god tid

Kan deles med kontrollutvalget hvis ønskelig

 nrkf – kontroll og revisjon i kommunene

– på vakt for fellesskapets verdier

26

God kommunal revisjonsskikk

- Kommunelova § 24-2:
- Revisor skal planlegge, gjennomføre, dokumentere og rapportere sitt arbeid i samsvar med lov og forskrift og god kommunal revisjonsskikk
- Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 15:
- Revisor skal etablere revisjonskriterier for det enkelte revisjonsprosjekt.

RSK 001 og RSK 002 – kortversjonen I

Fase	Innhold
Bestilling	Revisor må innrette seg etter bestillinga og vedtaket frå kontrollutvalet, og skal vurdere om bestillinga er mogleg å gjennomføre. Revisor skal også vurdere om han er uavhengig og har tilstrekkeleg kompetanse.
Prosjektplan	Det skal utarbeidast ein prosjektplan for kvar forvaltningsrevisjon. Prosjektplanen skal gjere greie for problemstillinga(ne) i prosjektet, revisjonskriterium eller grunnlaget for desse, og metodebruk.
Oppstart	Ved oppstart av eit forvaltningsrevisjonsprosjekt i kommunen skal revisor sende eit oppstartsbrev til kommunedirektøren. Ved oppstart i eit selskap skal revisor sende oppstartsbrevet til selskapet. Det skal haldast eit oppstartsmøte viss ikkje særlege grunnar talar mot det.
Revisjonskriterium	Det skal etablerast revisjonskriterium for kvar forvaltningsrevisjon. Revisjonskriterium er dei krav, normer og/eller standardar som den reviderte eininga skal vurderast opp mot. Desse skal vere utleia av autoritative og anerkjente kjelder innanfor det reviderte området.
Datainnsamling	Etter standarden må revisor hente inn data i eit tilstrekkeleg omfang for å gjere vurderingar og svare på problemstillingane. Data kan hentast inn til dømes ved hjelp av intervju, spørjeskjema, observasjon, dokumentanalyse, statistiske analysar eller rekneskapsanalyse. Data som revisor munnleg har motteke og som skal brukast i rapporten, skal gjerast skriftleg og bli verifiserte av kjelden.

RSK 001 og RSK 002 – kortversjonen II

Vurderingar	Standarden stiller krav til at revisor gjer vurderingar ved å analysere dei innsamla data opp mot revisjonskriteria. Revisor vurderer om praksis eller tilstand er i tråd med kriteria.
Tilrådingar	Revisor skal gje tilrådingar når det er tenleg med bakgrunn i data, vurdering(ar) og konklusjon(ar). Revisor skal ikkje tilrå detaljerte løysingar.
Høyring	Revisor skal sende eit utkast til rapport frå forvaltningsrevisjonen til uttale til kommunedirektøren eller kommune/fylkesrådet. Det same gjeld for uttale til det kommunale føretaket eller selskapet som har vore gjenstand for forvaltningsrevisjon.
Rapport	Det skal skrivast ein rapport frå kvar forvaltningsrevisjon som er blitt gjennomført. Rapporten skal vise samanhengen mellom problemstillingar, revisjonskriterium, innsamla data, vurderingar, konklusjonar og eventuelle tilrådingar. Uttalen til kommunedirektøren/selskapet skal gå fram av rapporten.
Kvalitetssikring	Utføring av forvaltningsrevisjon skal kvalitetssikrast og dokumenterast. Kvalitetssikringa skal sikre at undersøkinga og rapporten har nødvendig fagleg og metodisk kvalitet, og at den følgjer standarden for forvaltningsrevisjon, RSK 001.
Dokumentasjon	Forvaltningsrevisjonen skal dokumenterast på ein måte som er tilstrekkeleg for å gje ei totalforståing av utføringa av prosjektet, og til å underbygge vurderingane og konklusjonane til revisor. Omstende som tilseier at det kan ligg føre mislege handlingar, skal dokumenterast særskilt og angje kva revisor har gjort. Det same gjeld viss undersøkingane avdekkjer openberre brot på anna regelverk enn det som høyrer med til revisjonen. Dokumentasjonen skal oppbevarast i minst 10 år.